

## ...medan eg prøver å vera fordomsfri på ordentleg

Bilder

utgåve 1 - 2018

Kåre Bulie og Martin Lundell (red)

Foreningen Bilder, 2018

Somme gonge er det slik at ting ein verkeleg, verkeleg gler seg til, blir utruleg skuffande. Det betyr kanskje at det beste er å aldri gle seg til noko. Dette er ei historie om kor skuffa ein kan bli, om ein på førehand har gått inn for å vera naiv, fordomsfri og ha eit ope sinn.

I ei nettavis kunne eg lesa at ex.phil. ikkje lengre skal vera obligatorisk ved universitetet. Ein skal ikkje tru alt ein les på internett. Når eg blir diktator, skal filosofi inngå som pensum frå tidleg barneskule. Fordi om ein ikkje stiller spørsmål, oppstår eit vaakum som kalles sanning. Det er ingenting farlegare enn trua på at det berre finnst ein måte å sjå verda på, at det faktisk eksisterer noko som er fullstendig riktig, og noko anna som er heilt feil. Ingenting er meir skremmande enn trua på at me no har kome til eit punkt i kunnskapsutviklinga kor me har oppnådd full forståing innanfor mange felt. Og at kritiske spørsmål høyrer til tida før vitenskapen.

Sjå for deg at du vaks opp i eit samfunn kor du var kronisk eksponert for visuelle bilete. Bilete du ikkje hadde tid til å stoppe opp ved for å reflektere. Sjå så for deg at du hadde erstatta «reflektere» med «konsumere», og at her-og-no var eit punkt som ikkje kunne gripast. At eit kronisk intravenøst speed-drive av bilete blafrar innover i hjernen din og legg seg i store haugar. Usortert. Og etter ei stund vil desse bileta ligge i så tunge haugar at du kjenner det nedover Ryggøyla. Til slutt, når presset gjer for vondt, går du på kunstutstilling for å oppleve fysiske objekt utan innhald. Objekt konstruert for å romme dine eigne refleksjonar kring kva det måtte vera. Stillheita i rein fysisk form. Eit alternativ til ein tur i parken på dagar med regn.

### Å bli diktator

I eit samfunn kor ingen stiller spørsmål er det lett å manipulere dei store massane. Det er ikkje vanskeleg å bli diktator. raskt skiftande bilete med korte fragment av tekst. Ingen gidder lese lengre tekstar. Det går rykter om at mange i dagens samfunn slit med at det eksisterer for mykje informasjon. Problemet er at ein faktisk må velje. Det gjeld både tekst og bilete. I bladet *Bilder* har nokon allereie gjort det utvalet for oss.

Martin Lundell, grafisk designer og designprofessor ved Kunsthøgskolen i Oslo (KHiO) og Kåre Bulie, journalist og kritiker i Dagens Næringsliv, har samla saman eit utval bilete og satt dei inn i magasinet *Bilder*. Har du 150kr kan du gå i kiosken og kjøpe dette utvalet av bilete. Eller, nei. Dei sel det ikkje på Narvesen-kioskane. Den blir berre solgt ved utvalde kunstinstitusjonar i Oslo, og på ein bokhandel i same by. Eg ventar framleis på å få mi utgåve i posten, slik at eg kan skrive om den her i *Billedkunst*. Eg er ikkje ein av dei utvalde. Eg oppheld meg for langt uti geografien. Dette er kanskje eit grovt døme på kor elitistisk det kan framstå å selge noko på utvalde plassar framfor å publisere det på internett. For treng me egentleg bøker og blader når me har internett, og kven vel ein å ekskludere i det ein går inn for å produsere noko som ikkje skal vera tilgjengeleg digitalt, og heller ikkje på Narvesen-kioskane. Kvifor skal ein kjøpe *Bilder* når ein kan sjå andre sitt utval av bilete på internett? Det er ikkje alle av oss som er på facebook eller instagram heller. For oss er detkanskje fint å bruke litt av tida vår på bilete me ikkje har valgt ut sjølv. Kanskje er det slik at *Bilder* er laga for oss som vel å stå utanfor dei mest trafikkerte delene av den digitale verkelegheita? Oss som likar at ord og bilete sit fast i sidene og ikkje flimrar på ein skjerm. Orda smakar noko anna når du held dei i hendene ogkan skrive med penn i marginen. Eg har mykje tre på samvittigheita når eg ser på min relasjon til bøker. Det er ei av mine store syner mot miljøet. Eg har vel heller aldri vore så begeistra for skogen.

### Egalitær retorikk

På Dagens Næringsliv sine nettsider (22.06.2018) les eg at ein av intensjonane bak bladet var at bilete frå dei definerte kategoriane høgkultur og lågkultur skulle sidestillast. Noreg blir av somme antropologar omtala som eit av verdas mest egalitære land. Eg kjenner opptil fleire individ her som ville finne definisjonane «høgkultur» og «lågkultur» ganske kvalmande. Og, bør ikkje eit blad som har som mål å utfordre skiljer mellom klassar, vera tilgjengeleg for andre enn dei spesielt utvalde?

Sjølv omtalar Bulie og Lundell bladet som eit «tidsskrift som undersøker bilder i alle videste forstand, uavhengig av medium og sjanger (...) og har som mål å sammenstille en større bredde av bilder» ( 22.06.2018) Eg er ikkje heilt sikker på kvifor eg heng meg opp i bruken av ordet «undersøker», og undrer meg over om det kan vera relatert til eit ønske om å framstå som meir vitskapleg. Det florerar for tida ein ukritisk bruk av ord som «research» og «utforsking» innanfor kunsten, og for alt eg veit, driv designarar og illustratørar på med det same. Det ser ut til at somme trur at det eksisterer eit riktig språk for kunst, og at same språket skal nyttast uansett kva ein jobbar med. Ingen krev at ei kokebok skal ha kjeldehenvisningar, eller at poesien skal vera eit resultat av research. Kanskje blir homogenisering av språket kring kunst brukt som eit forsøk på å nærme seg vitenskapen sin retorikk i takt med at kunstutdanningsinstitusjonane ein etter ein har blitt lagt under universiteta. Etter mi meining, er det einaste kunsten og vitenskapen har til felles at ein ofte tek fenomen ut av sin kontekst for å studere det i «nøytrale» (og symboltunge) rom, gallerirommet og laboratoriet. Om alle kunstnarar skulle, gjennom språket, late som om dei jobba med vitskaplege metodar og research, ville det òg ha negativ effekt på dei få kunstnarane som faktisk jobbar med kunstvitskap. Her må eg berre nemne Cecilia Jonsson, som somme gonge overskrid grensene for kva vitskapen kanskje ser som gjennomførbart. Ho har blant anna vinna ut jern frå planter, som resulterte i ein ring, laga ei kompassnål av jern frå morkaker, og anna som er både rasjonelt, komplekst og poetisk på ein måte som gjer at det ikkje går an å gå inn på det her. Det ville blitt for overflatisk. Og det er heller ikkje det eg skal skrive om nett no. Eg skal skrive om noko som *ikkje* er kunst. Om eit blad som kanskje ikkje inneheld bilete av kunst. Kanskje forstår eg kav Bulie og Lundell meiner med *undersøkinga* si når eg har sett i bladet. Eg har òg brukt nokre minutt på å undre meg over om ordet «undersøke» kunne ha blitt tolka som synonymt med å *samanstille*. Kan ein då kalle stabelen av bilete som ligg og vaglar på toppen av ryggstøyla når dagen er over, for ei «undersøking»?

kanskje betyr det å skrive om bilder at eg bør ta ei bunke ord og sidestille banneord med framandord og ord fanga ved tilfeldig bueskyting i eit leksikon. Er det ikkje slik med både ord og bilete at dei mistar litt av innhaldet om ein tek dei ut av kontekst. For å motsei meg sjølv før tanken er tenkt ferdig, blir eg usikker på kva grad ein kan sei at noko faktisk høyrer til innanfor ein kontakst, eller om det berre har blitt plassert der. Etter at kaosteoriar byrja å vekse fram burde ein vel snart slutte å sjå på ting som statiske og definerbare. Men om det enkle ofte er det beste, så er kanskje tidsskriftet komponert litt ut frå same prinsipp som ein set saman ulike smakar i ei suppe. Hadde det eksistert enkle svar i suppa ville ingen spørsmål vore meiningsbærande.

Dei som får tilgang på ting

Inne i bøkene bur alle orda som blir tekne for å evra godkjende verkelegheitsopfatningar. Der inne bur òg mytene og poesien og språket som nedbrotne fragment. Det ligg ein viss poesi i telefonkatalogar og ordbøker også. Kanskje kan det same seiast om om tidsskriftet *Bilder*. Eg veit ikkje enno. det veit berre folk som bur i Oslo. Dei som får tilgang på ting. Eg skulle ofte ønske eg budde i Oslo. Det skjer mykje bra der. Mykje ein gjerne skulle ha fått med seg. Som til dømes «IT'S ON!» i Galleri Autonom med kunstnarane Monica Winther og Johannes Høie i juli. Eg har lest om utstillinga på *subjekt.no*. Her står det blandt anna at «En gang hadde Oslo en genuint uavhengig kunstscene, og vår generasjon en 'anything goes'-holdning. Det var fokus på kreativt mangfold, det grenseoverskridende og en friere, opprørsk og eksperimentell energi. Dette vil vi bidra til å bringe tilbake på scenen.»

Eg sit her i stolen min og kjenner på at eg skulle ha vore der.

Dinglar med beina, skjelettet, og ventar...

Her sit eg og ventar på å få eit blad i posten som skal vise korleis andre enn kunstnarar samanstillir bilete. I ventinga undrar eg meg over kvifor lanseringa av *Bilder* blei lagt til Kunstnerne Hus. Så vidt eg veit er det ingen bidrag frå kunstnarar i bladet, og kanskje handlar det om designarar si fetisering av kunst som ein måte å få solgt sine produkt. Men eg prøver å vera open og fordomsfri.

Ute regnar det. Vinden blæs regndråpane vekk frå vindauga slik at ikkje utsikten skal bli prikkete.

Eg har no skrevet veldig mange ord om noko eg enno ikkje har sett. Eg har sett bilete av framsidanog to av sidene på internett. Eg har lest om det på DN.no, og sett landseringsdatoen på nettsida til Kunstnerne Hus. Men, sidan eg ikkje har sett det fysiske bladet enno, veit eg ikkje kva eg snakkar om. Difor skal eg stoppe. Nett her under dette avsnittet. Eg skal ikkje skrive eit ord til før eg har sett det eg eigentleg skal skrive om.

Kor i helevete blir det av alle bileta dei hadde lova?

Då bladet *Bilder* endeleg kom i posten opna eg det veldig fort. Eg trur ikkje eg tok bryet med å ta av meg jakka først, eller skru på ljuset. Men eg la det fort frå meg att. Det var ikkje slik eg hadde sett for meg. Det var rett og slett forlite bilete og for mange ord. Eg bladde raskt gjennom det atter ei gong. Eg hadde faktisk ikkje sett for meg at bladet *Bilder* skulle innehalde ord. Kor i helevete var det blitt av alle bileta dei hadde lova? Det skuffa meg òg at bileta var presentert så separert. Som hobby-kaosteoretikar har eg store problem med denne forma for kategorisering i eit blad som lova det motsatte. Dei hadde jo lova ei samanstilling av bilete frå ulike kategoriar. Eg hadde gleda meg til å opne bladet og sjå sida med den utdøydd dyrearten pressa saman mot kanskje ein reklame for vaskemiddel, eller møbeldesign eller noko anna som snakkar om kapitalismen og det som gjer menneskearten destruktiv. Gleda meg til å sjå korleis desse to flatene kunne skiljast frå kvarandre og sjåast side om side. Og så kunne eg kose meg med alle linjene som eksisterer mellom alle dei utdøydd dyreartane som me punmper opp på oljefelta for atd en linjære økonomiske utvikling skal halde fram, og eg skulle tenkje vidare på grønvasking av økonomisk vekst. Og så ville eg tenkje på alle som er friganere (berre et gratis mat frå for eksempel dumpster diving), fordi dei jøvla bøndene ikkje tek hensyn til miljøet, og vil tjene pengar på matproduksjon. (Friganarar elsker ofte å reise, og kanskje vil dei ikkje betale for mat fordi dei heller vil bruke pengar på flybillettar.) Og så kunne eg kanskje konkludere med at her i landet finst det to yrkesgrupper kor ein må vera idealist, og det er bønder og kunstnarar. Og så skulle eg spinne avgarde i teoriar om både det eine og det andre, med mål om å motsei meg sjølv minst tre gonge per side i bladet.

Eg stoppar skrivinga for å vurdere om eg skal opne bladet atter ei gongfør eg skriv vidare. Kanskje eg skal vurdere å lese tekstane òg. Ein blir jo litt nyfiken på kva ein designar og ein journalist meiner om bilete, og eg har enno ikkje forstått konseptet deira som eg las om, at dei vil bryte ned grensene mellom bilete frå høgkultur og lågkultur samstundes som bladet berre er tilgjengeleg på utvalde plassar, kor ein kanskje ikkje finn individ dei vil kategorisere som lågkultiverte. Eg har enno ikkje undersøkt om ein kan få tak i bladet i designbutikkar, eller om Lundell har teke utgangspunkt i sine kollegaer som ikkje-reflekterande individ.

#### Apar og designarar

Introduksjonen lover «tekster om blant annet vitenskaplige bilder, gamle portretter av ukjente norske fanger, et fotografi av en av 1900-tallets mest berømte intellektuelle og bilder som har beveget seg fra kokeboken til kunstinstitusjonenes inderste sirkler». På sida etter eit høgtideleg føreord, kjem korte tekstar under tittelen «Noter, flyfoto, fare og fliser». Her kan ein lese om ulike bilete frå kvardagen. Ein finn setningar av typen: «Den er laget av den mangfoldige kunstneren Per Krohg (1889–1965) og forestille elegante kvinner i badedrakt og grasiøse sjødyr. Sammen danner de en dynamisk komposisjon i grønt, blått og brunt.» Me kan i ein anna tekst lære at: «Vertikalfoto er tatt ovenfra og ned, mens skråfoto er tatt nedover i spiss vinkel. Vertiklafoto har blitt brukt som støtte til opptegning av kart.» Eg har ikkje klart å lese lenger enn til side 7. Kanskje klarar eg presse meg til å lese litt til ein anna dag. det gjer vondt å lese det. Eg klarar ikkje forstå hensikta med å lage ei overflatisk introduksjon til desse bileta. Det bidreg ikkje til anna enn å drepe eitkvart ibuande potensiale biletet kan ha i seg. det går heller ikkje an å forstå kven målgruppa er. Det kjennes som ei undervurdering av potensielle lesarar uansett alder. Eg blir flau på vegne av dei som står bak dette bladet. Samstundes blir eg litt redd. Eg forstår ikkje kvifor dei har fått lansere dette på Kunstnernes Hus, og det gjer meg nervøs for kunsten si framtid.

Det tok veldig lang tid før eg bestemte meg for å lese vidare. Eg måtte leggje det vekk lenge før leggjetid for å ikkje øydeleggje nattesøvnen. Dagen etter prøvde eg på ny. På side 8 møtte eg ein tekst om sjimpansen Julius sine måleri. Eg vaks opp med bøker om Julius, og seinare las eg om dei lingvistiske og psykologiske studiene som involverte Viki, Nim Chimpsky, Washoe og andre apar. Apar er folk me bør ha respekt for etter alt dei har gått igjennom som forsøksdyr for vår utvikling og som levande delar av scenografien i dyrehagar. I bladet *Bilder* er det apen Julius sin kunst som blir representert. På side 8 kan ein lese ein enkel tekst som fortel at: «(Maleriet til Julius) ble det et vennligsinnet blick vil kalle modernistiske komposisjoner. Mer distanserte øyne ville forbinde julius-bildene med barnetegninger.» Det betyr altså at ein er meirvenlegsinna om ein har lært seg ord som «modernistisk», og eg kjenner at eg er svært usikker på om det er lurt å halde fram lesinga. Ja, eg likar å bli provosert, men då helst av noko det er verdt å bruke tid på.

#### Diktatoren si biletbok

Når eg blir diktator skal eg lage mi eiga bok med bilete. Den skal vera stor og tjukk, slik at vekta av boka pressar bileta hardt saman. Flate mot flate. Du kan sjølv sjå for deg kva du kan finne samanstillt i den boka. Men, bileta skal ikkje banaliserast gjennom tåpelege tekstar. Det skal

faktisk ikkje vera plass til ord, fordi bileta skal få snakke for seg sjølv, og me skal late att munnen og la dei snakke ferdig. Og ein skal ikkje kunne selge bileta til dei få utvalde på Austlandet som går inn i gallerirommet. På Narvesen skal dei lage hyller som er solide nok til å få plass til tunge bøker, og bøkene skal koste mindre enn 150kroner. For kven gidder betale for å sjå bilete og bidra til eit auka materielt forbruk når ein har gratis bilete på internett.

Eg er usikker på om eg vil lese side 9, eller om eg har fått nok. Publikasjonen framstår som om hovudformålet er å tømme alle former for bilete for innhald, og redusere dei til fargar og komposisjon på flate. Eg vil ikkje meir! Dårlege tekstar er ikkje nok til å viske ut skiljet mellom visuell høgkultur og lågkultur.

Likevel går eg vidare til «I mitt bilde» på side 10. Her er det tydeleg at dei som skriv har lært seg den tørre forma for biletanalyse kor ein beskrivkva ein ser i biletet etterfulgt av referanser. Eg konkluderer med at dette bladet definnitivt ikkje er laga for oss som tykkjer at orda smakar noko anna når du held dei i hendene.

Eg blar fram til bileta eg kanskje hadde gleda meg mest til. Bileta av dyr som av ulike årsakar ikkje finnst lenger. Eg starta med å lese dei utheva tekstane. Eg kan love deg at eg ikkje kjem til å lese resten. Her er nokre av dei sitert:

«Her kan man virkelig lese inn en kamp mellom to supermakter dersom man ønsker det (.....) De er veldig fortellende i formen. De minner meg om skoleplansjer (...) Hvor mange vesener er det som er i kamp i dette bildet? (...) Dette har blitt et visuelt fenomen som flyter rundt på en måte som gjør det til noe alle kommer i kontakt med (...) det er en fantasiverden, samtidig som det faktisk har foregått på den samme kloden som vi bor på.»

Eg vil ikkje meir. dette går langt over streken for kva eg kan tåle. Ikkje kjøp bladet *Bilder*.

Herregud eg er ein ond person! Og eg likar det. Når eg blir diktator, skla filosofi inngå som ein del av pensum frå tidleg barneskule, fordi om ein ikkje stiller spørsmål, oppstår eit vakuum som blir kalla sanning. Det betyr at sanning er ein kontradiksjon og kun oppstår som ei personleg erfaring. Som diktator peikar eg ut utøvande ansvarleg innehavar av definisjonsmakt innanfor kunstfeltet. den definisjonsmakta skal liggje langt unna fingrane på journalistar, og ikkje minst designarar! Basert på teksten om utstillinga til Monica Winther og Johannes Høie og mi eiga magekjensle, bestemmer eg her og no at definisjonsmakta skal ligge hjå kunstnararne sjølv. I kraft av min status som diktator, krev eg kunsten definert som ikkje-definerbar, anna enn i enkeltindividet sitt perspektiv.

Eg vil heller ete rullekake med Monica og Johannes og sleppe å lese vidare i *Bilder*.

Så bestemte eg meg for å rable over alle orda i bladet slik at bileta skulle få fred. Eller kanskje eg skulle dekkje over dei med krem frå kaka.